

Fruda 2 juni 2007

Rektor brende opp arkivmateriale, trudde det var boss

HYLLESTAD: Då arkivleiar Sonja Øen i Hyllestad skulle sortere gamle protokollar som skulle til Fylkesarkivet, var papira borte vekk.

HILDE GENBERG tekst

Rektor Atle Lerpold hadde brent det han oppfatta som boss. Han seier han hadde spurt om papira skulle takast vare på, og at administrasjonssjefen, etter å ha snakka med «ein eller annan» skal ha svart at alt var boss.

– Årsaka er etter alt å dømme kommunikasjonsvikt. Det må eg ta ansvar for,

forklarer administrasjonssjef Jens Chr. Lundeland, som ikkje kan hugse samtalen med rektor.

Han slår fast at lokalhistoria truleg har mista verdifullt materiale, men meiner samstundes at «i den store samanhengen er kanskje ikkje tapet så stort».

Protokollane frå forsyningsnemnda og

Ikkningsmateriale vart oppdaga i samband med at lokala under synjebassenget skulle ryddast. Kommunens arkivsjef Sonja Øen hadde kontakt med Fylkesarkivet, og sette i gang med sorteringsarbeidet. 3. mai oppdaga ho fadesen, går det fram av ei avviksmelding.

hilde.genberg@frida.no